

Gunnar Molland
Damsgårdsveien 33
5058 Bergen
gunnar.molland@gmail.com

Bergen 24.07.2018

Lindås kommune v/Eigedomsavdelinga
postmottak@lindas.kommune.no

Stadfesting av føremål i reguleringsplanen

Vi har nyleg overteke eigedomen 141/67 (omtalt som FHF1 i reguleringsplan for Kvamsvågen) og ynskjer å etablera tiltak i tråd med reguleringsplan med føresegner. Planframlegg/plankart legg opp til at føremålet blir plassert heilt opp til den nordlege eigedomsgrensa. Slik vi forstår § 29-4 i plan og bygningslova, gjev planvedtaket i seg sjølv eit unntak frå kravet om 4m avstand til nabogrense, og går såleis ut frå at spørsmålet blei vurdert i samband med planarbeidet.

For å vere på den sikre sida ber vi kommunen som eigar av eigedomen i nord (141/63) om å stadfeste at de oppfattar situasjonen likeins, og aksepterer tiltakspllassering i tråd med føremålspllasseringa i plankartet slik at eit bygg innanfor føremålet kan oppførast inntil eigedomsgrensa mot den kommunale eigedomen 141/63 (sjå utsnitt av plankartet nedanfor).



Utdrag frå § 29-4 i plan og bygningslova:

«Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter. Kommunen kan godkjenne at byggverk plasseres nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd eller i nabogrense: (a) når eier (fester) av naboeiendommen har gitt skriftlig samtykke eller (b) ved oppføring av frittliggende garasje, uthus og lignende mindre tiltak.»

Vonar de finn høve til å gje ei snarleg tilbakemelding.

Venleg helsing

Gunnar Molland